



Vellukka sjøsetjing ved anlegget til Eidsvik Eigedom i dag.

Alt gjekk etter planen då Fitjar Mekaniske Verksted(FMV) sjøsette den første båten som dei har bygd ved Eidsvik sitt anlegg her i Uskedalen. Etter at båten vart skubba ut til kaikanten onsdag, vart den i dag forflytta vidare til sjøs. Det skjedde ved ei roleg og kontrollert luftferd styrt av kranen til Eide-Lift.

Då er snakka med ein av arbeidsleiarane for dette byggjeprojektet, Jan Inge Høgestøl, like etter at den 190 tonn tunge båten hadde landa på vatnet, var han svært fornøgd med gjennomføringa av sjøsetjinga.

- Det var ein veldig fin operasjon. Det har gått etter planen så langt som det let seg gjera.

Han kunne vidare fortelja at arbeidsbåten no skulle slepast til FMV sitt anlegg på Fitjar.

- Der har vi veldig gode fasilitetar for utrustning, sa han samstundes som han la til at mykje utrustningsarbeid alt er gjort. Det som no står att er t.d. ein del elektroarbeid samt montering av noko tungt utstyr som kranar, før den er ferdig til bruk i havbruksnæringa. Høgestøl har delt arbeidsleiaroppgåva på prosjektet med Cato Reigstad.

Etter at skroget var inspisert, vart det så slept ut fjorden mot Fitjar. Slepjet passerte Herøya like før klokka halv fire.

Også Svein Arne Eidsvik i Eidsvik Eigedom var fornøgd med dagen.

- Det er kjekt. Dette viser at det er aktivitet i anlegget, og det er det vi vil ha, sa han vel vitande om at FMV er godt i gang med arbeidet på neste båt, også ein arbeidsbåt for havbruksnæringa.

Dei som vil lesa om forflyttingsoperasjonen på onsdag, finn det [her](#).



Stroppene er festa. Klar til sjøsetjing.



Luftig og roleg ferd til sjøs ca. kl.13.



Båten ligg trygt ved kai.



Båten vart slept mot Fitjar. Her har slepet nett passert Herøya.

Tekst, foto og nett: Thor inge Døssland